

Til heimane med barn i Austrheimbarnehagane

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/293 - 6 / TMJ

Dato:
10.08.2023

Informasjonsskriv til heimane august 2023 - redusert foreldrebetaling

Det er ulike ordningar som gjeld for redusert foreldrebetaling i barnehagar. Foreldre skal ikkje betale meir enn maksprisen for ein barnehageplass. Maksprisen er fastsett til kr 3 000,- kroner pr. måned frå og med 1.januar 2023 og Austrheim følgjer dette.

Barnehagane kan krevje betaling for kost (matpengar) i tillegg til maksprisen.

Det fins to moderasjonsordningar for familiar eler hushaldningar med låg inntekt.

Ordning 1 – Redusert foreldrebetaling for barnehageplass:

Austrheim kommune følgjer staten sin makspris for barnehageplass: kr. 3 000,- for full veke (45 timar).

Dersom husstanden har ei samla skattbar inntekt som er lågare enn kr. 615 590,- kan ein søkje om redusert foreldrebetaling. På heimesidene til Austrheim kommune, under "Barnehage" - "Søkje avslag i pris" finn ein elektronisk søkeskjema for dette.

Dersom ein er i tvil om korleis ein skal gå fram, kan ein få hjelp ved å vende seg til styrar i barnehagen. Ein kan også få hjelp ved å vende seg til Servicetorget på tlf. 56 16 20 00.

Husstandar som kjem inn under denne ordninga, har rett på søskenmoderasjon ut frå det dei faktisk betalar for full barnehageplass.

Gjeldande satsar er:

- 30% for barn nr. 2
- Gratis barnehageplass frå og med det tredje barnet for foreldre som har fleire barn i barnehagen samstundes (gjeld fr 1. august 2023).

Ordning nr. 2 - Gratis kjernetid:

Tilbod om gratis kjernetid for husstandar med samla skattbar inntekt på mindre enn kr.615 590,- pr. år.

Ordninga gjeld for:

- 2 åringar



- 3-åringar
- 4-åringar
- 5-åringar barn med utsett skulestart

Kjernetid er tida frå kl. 10.00 til 14.00 kvar dag, og kan utgjere maks 20 timar for ei full veke i barnehagen.

Foreldra må søkje om gratis kjernetid – for eit barnehageår om gangen. Søknader som kjem i løpet av eit barnehageår, vil gi vedtak som med verknad ut gjeldande barnehageår.

Søknadsfrist:

Søker du innan 20. august, vil redusert betaling gjelde frå barnehagestart. For barnehageåret 2023/2024 er fristen seinast 1. september. Den reduserte betalinga vil då gjelde frå 1. oktober. Søknader som vert levert etter 1. september, får verknad frå den 1. i påfølgande månad under føresetnad at søknaden er levert seinast den 1. i månaden før.

Dokumentasjon og søknadsskjema:

Både reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid, skal bereknast ut frå den samla brutto skattepliktige kapital- og personinntekta. Skattemelding for 2022 for den samla hushaldninga, må leggjast ved søknaden.

Søknadsskjema:

<https://www.austrheim.kommune.no/innhald/barnehage/sokje-avslag-i-prisen/>

Med helsing

Trine Merete Jansen
kommunalsjef oppvekst og kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Britt Ystebø
Sissel Berge Monslaup

Mottakere:

Til heimane med barn i
Austrheimbarnehagane